



Naturvernforbundet i Orklaregionen

Styrets årsmelding—årsmøtet 02.03.20

Styret har i perioden bestått av

Leiar: Mads Løkeland-Stai. **Kasserar:** Johan Randahl. **Styremedlemmar:** Gjertrud Berg, Kjetil Kroksæter, Livar Ramvik, Terje Staveli, Steve Halsetrønning. **Varamedlemmar:** Kine Tangvik Størdal og Oda Kringstad

Det har i perioden vore 6 styremøte

Representant i styret for Songli Eigedom AS:

Johan Randahl (kasserar), og vara Kjetil Kroksæter

Rep. Kabelaksjonen.no: Mads Løkeland-Stai

Rep. forvaltningsplan Grytdalen: Kjetil Kroksæter

Vararep. i fylkestyret: Mads Løkeland-Stai

Medlemstalet har auka kraftig, frå 99 til 145.

Stilte på Orkdalsmessa med Grytdalens venner.

SVARTHAMMAREN OG REMMAFJELLET

Svarthammaren

Vi samarbeidde med den lokale aksjonsgruppa, og det var stor glede då kommunestyret sa nei til konsesjon for Svarthammaren med eit neifleirtal på 13 mot 4. Laila Selven vart «Neidronninga».

Remmafjellet

Statkraft har søkt om utsetjing av fristen. Vi meiner at det ikkje er gyldig konsesjon, og at ein eventuell utbyggjar må levere heilt ny søknad og nye konsekvensutgreiingar. Dette synet har støtte frå NVE og Orkland. Forsvaret har kome på banen, og gått mot eit anlegg, både på grunn av flybasen og radaranlegg. Det ser lovande ut.



Nasjonal Vardebrenning mot vindkraft
8. oktober.

Terje og Johan var fyrbøtarar på Raudhåmmårn

Vellukka slåttedag på Bjørndalen, 25.08

Naturvernforbundet og Grytdalens venner arrangerte slåttedag på Bjørndalen fjellgard for femte gong på rad. Det var 30 deltakarar i fint seinsommarvær. Terje og Øyvind gjorde ein stor jobb med førslått.

Slåtteenga er viktige for mangfaldet av liv, både plantar, sopp, insekt, fuglar og andre dyr, men slike areal har gått kraftig tilbake, og er raudlista. Ny slåttedag sannsynlegvis 23.08.2020.

Biolog Steinar Vatne har vurdert status, og har foreslått vesentleg utviding av arbeidet med beitemark i tillegg til våre slåttedagar.



Vasskraftverk

Sika, Vasslivatnet og Mjovatnet/ Byavatnet er regulert for Leirbekken kraftstasjon, eigd av Orkland kommune, men «Bekk og Strøm» driftar kraftverket. Vi har reagert på reguleringa, mellom anna på mangel på vassføringa i Mjovassbekken gjennom året, til skade for raudlista elvemusling. Vi har vore i kontakt med Orkland Energi, og vurderer vidare oppfølging.

Gangåsvatnet er kraftig regulert, og vi kravde i 2018 revisjon av vilkåra, saman med kommunen, grunneigarane og hytteforeninga. NVE har enno ikkje bestemt om og når det blir starta revisjon.

Klesbyttedagar

I samarbeid med Folkebiblioteket på Orkanger arrangerte vi klesbyttedagar 06.04 og 12.10 i 2019. Mykje folk og god stemning.

Produksjon av klede gir store utslepp av klimagass og bruker store ressursar. Det er eit godt handslag til miljøet å bytte klede for å redusere forbruket og redusere belastning på klima og naturressursar. Vi planlegg nye dagar i 2020.

Oda Kringstad og Kine Tangvik Størdal har gjort ein god jobb med dette.



Det var folksomt på bibliotekloftet lørdag formiddag.

Sør-Trøndelag 15.10.2019

Klage på utsleppsløyve for Washington Mills

Bedrifta fekk utsleppsløyve med høge grenseverdier for utslepp av tungmetall. Vi klaga 18.03.19 på utsleppsløyvet og kravde lågare grenser, av frykt for livet i Råbygdsfjæra/ Gjølmesørene og i utløpet av Skjenaldelva. Utsleppet kjem i tillegg til det som allereie er i fjorden, og som kjem med Orkla frå gruvene oppover dalen. Klagen er fortsatt til handsaming i Miljødirektoratet.

Klima

Fjernvarmeanlegget på Orkanger er utvida til Grønøra vest/ Furumoen, der varmen i hovudsak er spillvarme frå Thamshavn verk. Dette er bra, men vi klaga på konsesjon til at 7% av energien i fjernvarmeanlegget skal bli skaffa med fossil gass (NVE opplyser 7%). Den nye energisentralen ved Norsk Kylling AS, skal bli fyrt med fossil gass (20% ifølgje Fylkesmannen). Vi har gått ut og kritisert dette, som vil gje kraftig auke i utsleppet av klimagass i Orkland, og kravd satsing på biogass som alternativ.

Kabelaksjonen

Vi har slutta oss til Kabelaksjonen.no, som er eit samarbeid mellom tillitsvalde på Thamshavn verk, Washington Mills og tilsvarande bedrifter og Naturvernforbunda i Midt Noreg.

Kabelaksjonen er mot fleire utanlandskablar, både fordi dei kan setja klimavennleg norsk metallproduksjon på spel, og fordi dei legg press på utbygging av meir vindkraft for eksport. I tillegg blir det meir «effektkøyning» av vasskraftverk, slik vi såg i Orkla, sommaren 2019, då smolt og yngel kom på tørt land.

Songli og Grytdalen

I samarbeid med Grytdalens venner, Orkla jeger og fisk og Sør Trøndelag jeger og fisk, driv vi Songli gjennom Songli Eigedom AS. Johan Randahl og Steve Halsetrønning representerer oss og Grytdalens venner i styret.

Det blir gjort ein stor jobb, og Songli ser ut til å ha kome inn i relativt stabil drift.

Referanseområde for biologisk mangfald

Saman med Grytdalens venner og Orkla jeger og fisk restarter vi arbeidet med å etablere Grytdalen som referanseområde for biologisk mangfald, forskning og undervisning, med totalvern i Grytdalens kjerneområde, der det ikkje har vore jakt dei siste 60 åra.

Vi har hatt møte med ordførar Oddbjørn Bang, som ønsker tett samarbeid med oss i denne saka.

Kroksjøar/ kjeler

Styret har hatt befaring på Byakjela, og vil i løpet av 2020 sjå om ein kan få frivillig vern. Vi har vore i kontakt med kommunen for å følgje opp restaurering av Ferjemannskjela til erstatning for Furumokjela.

I 2018 klaga vi Noreg inn for ESA (EØS-avtalens kontrollorgan) for brot på EUs vassrammedirektiv då Furumokjela vart øydelagd. ESA foreslo å avslutte klagesaka og avvise klagen, men vi sendte inn ny informasjon, og klagen er fortsatt til behandling.

I si tid vart det sagt at Norsk kylling måtte bli bygget i 1 etasje, og måtte ha stort tomteareal. No blir fabrikkbygget i 2 etasjar.